

# ÅRSMELDING 1995

## FOR JOSTEDAL SPEL OG DANSARLAG

Årsmøtet var på kafeen hjå Laila. Etter møtet var det servering og dans.

På årsmøtet vart det nye styret valt slik :

Formann : Dagrunn Hesjevoll (ny)

Styremedlemmer : Solveig Sperle (ny), Terje Drage, Aud Teigen, Connie Grov. Connie har vore kasserar og Solveig har vore skrivar.

Vara har vore Tordis Sperle og Sigbjørn Aasen.

Revisor : Gunnar Ruud.

Valnemd: Morten Vigdal

Anne Kristine Haugen

Oddbjørg Ese ( ny )

Utsettingar til Sogn og Fjordane Folkemusikklag sitt årsmøte på Sande 4.-5.mars : Sigrunn og Lars Vigdal var valde, men vart forhindra og Harald Hesjevoll møtte frå laget.

Utsetting til LfS sitt årsmøte i Trysil: Oddbjørg Ese og leiar vart valde, men Oddbjørg Ese melde fråfall og Harald Hesjevoll møtte.

Laget har delteke på møter i Bygdalaget.

I meldingsåret har styret har hatt 4 møter og handsama 22 saker. Talet på medlemar har gått ned i 1995 og pr 31.12 95 har me 80 medlemar.

Aktivitet / Kursverksemd.

Laget har i 1995 hatt aktivitet på opplæringsida, med nybyrjarar og juniorar på hardingfele. Dette er og det einaste som er i organisert form for tida. Det har ikkje vore interesse for dans eller song. Dansarane har ikkje hatt faste øvingar, men kom saman nokre gonger før kappleikane.

Elles så deltok Ann Kristin på Sommarkurset på Mo.

Økonomi: Laget har hatt jamn økonomi, men det meste har vore øyremarka midlar frå Musikkverkstadordninga som ikkje kan brukast til anna enn det dei er bevilga til.

Laget har hatt tre bingoar og har motteke kr : 6513.-

Ein bingo har me ikkje fått utbetalt for enno. (ord bet i banken i dag 5109.-)  
(11600 = annonsering)

Kappleikar.

Laget har hatt deltakarar på Fylkeskappleiken i Sogndal, Landskappleiken i Førde og Vestlandskappleiken på Sande.

Det vart delteke både i spel, dans og song.

Asbjørg Ormberg er den einaste klassevinnaren frå laget vårt i år. Ho tok 1. premie i song på Vestlandskappleiken.

Sigrun Vigdal var domar i dans på Fylkeskappleiken.

Harald Hesjevoll var domar på Landsfestivalen på Vinstra.

Laget var med på " Lustratreffen " i Samfunnshuset i februar, der "Breatrekken " var primus motor.

7. mars samarbeidde laget med Luster Folkeakademi og hadde eit ektepar frå Latvia på besøk i Samfunnshuset. Dei underheldt med spel, song og dans frå heimlandet sitt. Spelemannslaget hadde og framsyning med dans og spel. Me serverte kaffi og medlemar stilte med kaker. Godt frammøte og ein triveleg kveld.

Juniortreffet i Sogn og Fj. vart skipa til i Hornindal 18. mars.

Evvy Kristin, Bente, Signhild, Marthe, Hanne saman med Harald og Dagrún reiste til treffet. Me samarbeide med Gaupne , slik at dei unge felespelarane derifrå deltok også. Laget bet. turen, medan foreldre i Gaupne stilte med minibussar . Også delt. frå Leikanger reiste saman med oss.

Laget deltok med arbeid og underhaldning på 17. mai.

"Kveikjaren" var ein konsert som Arne Sølvsberg + unge utøvarar frå Nordfjord reiste rundt med. Laget leige dei ein forsommarmarkveld i juni og det var fin konsert på kafeen. Dei spelte og ei stund til dans for oss danseglade jøstedøler.

Folkemusikkensdag var 9. sept. Me markerte dette på Breheimsenteret med dans og spel. Me samarbeidde her med Sogelaget som den helgi markerte opning av det nyrestaureerte kvernhuset , serverte vassgraut og hadde utstilling av gammalt bunadsmateriell.

Laget skipa til Folkemusikkverkstad 30.9 - 1. 10. Me inviterte nybyrjarar frå indre Sogn og det møtte folk frå Aurland, Lærdal, Sogndal, Leikanger , Skjolden, Gaupne og Bergen. Sjølv sagt var det jøstedøler med og, men det hadde vore god plass til fleire. Instruktørar på fele og hardingfele var Einar Ese, Harald Hesjevol og Svein Skjerdal. Me hadde nok ein lærar for lite og Ann Kristin Sperle trødde til som hjelpelærar på søndag.

Asbjørg var lærar på songkurset.

Tilsaman var det ca 40 innom kurset.

Gjestene sov på skulen og me sytte for middag, pizza og anna godt. I tillegg til speling var det bading, leik og dans og gjestene våre ville gjerne komme att på treff seinare og.

Julebord skipa me til i år og, 16. des. Dette er vorte tradisjon og ca. 100 var påmelde. Ann Kristin, Mari, Else Marie og Karin spelte slåttar til underholding. Etter god og kraftig julemat, så var det godt å få svinge seg til musikken hennar Helene.

20. januar skipa me til konsert på kafeen. Det var i samarbeid med Luster Folkeakademi og Luster Kulturkontor. "Bufaste tonar" var tittelen på konserten som tok føre seg dikt og musikk frå Lærdal. Mykje av musikkstoffet var kjendt for oss og det er naturleg sidan "Lærdalsmarken" var ein møteplass, der det og vart formidla musikk. Judith Vestreim, Håkon Høgemo og Tom Karlsrud sto for konserten og etter ei kaffiøkt så spela dei og ei stund til dans. Det var godt frammøte og folk kosa seg i vinterkvelden.

\*\*\*\*\*

Elles vil me nytta høvet til å takke medlemmane som stiller opp når det trengs, med kakebaking og anna hjelp. Det er naudsynt for at me skal klare å ha litt aktivitet i laget. Me er nede i ein bylgjedal og har ikkje så stor aktivitet, men me trur på betre tider for folkemusikken og dansen i bygda vår. Så me må stå på !

Dagrun Hesjevoll  
-leiar-

Solveig Sperle  
-skrivar-

Terje Drage  
-n.leiar-

Connie Grov  
-kasserar-

Aud Teigen (s)  
-styremedl-